


ÅRSMELDING 2025

Sogn og fjordane regionlag



ÅRSMELDING 2025

Utgitt: 13.02.2026

Human-Etisk Forbund

Innhald

Innleiing	4
Styret og verv	4
Styret i 2025	4
Andre verv/oppgåver som innehas av medlemmer i laget	5
Møteaktivitet	5
Årsmøte	5
Styremøte	5
Andre møte	5
Anna aktivitet	6
Tal medlemmar ved årsskiftet	6
Namnefest	7
Tal namnebarn	7
Tid og stad for seremoniar	7
Konfirmasjon	8
Tal konfirmanter	8
Tid og stad for kurs og seremoniar	8
Anna	8

Innleiing

Året som har gått har vore prega av eit lite oppsving i aktivitet og seremoniar av ulike slag. Saman har vi fortsett arbeidet med å styrke humanistiske verdiar i Sogn og fjordane, og representert regionen og alle aktive medlemmar i både landsstyre og landmøte. Nokre tema for året har vore inkludering gjennom Pride, politisk arbeid og søkelys på ytringsfridom og fri presse gjennom Humanistprisen og eit styrka humanistisk nærvær gjennom seremoniar og møtestader.

Det viktigaste i vår region er først og fremst seremoniane og arrangement, så eg takkar alle som møte opp og bidreg til alle samlingane vi har hatt det førre året. Alle som gjennomføra, alle som ringar rundt, som flyttar stolar og delar ut brosjyrar og alle som generelt sett møter opp og held det gåande. Takk!

Året har også vore prega av ei endring i regionstrukturen. Det er ikkje lengre krav om styre i lokallaga, så fleire lokallag og deira økonomi vert lagt under regionlaget for å forenkle jobben for lokale frivillige. Vi håpar dette kan gje meir rom for aktivitet og mindre tid brukt på formelle krav og økonomi mm.

Styret og verv

Styret i 2025:

Namn	Rolle	Lokallag
Elisabeth Sundt	Leiar	Nordfjord
Kenth-Rune Teigen	Nestleiar	Indre Sogn
Måren		
Audun Torvaldsen	Økonomiansvarleg	Indre Sogn
Hanne Sæbø	Styremedlem	
Magni Hjertenæs Flyum	Styremedlem	Nordfjord
Marit Varpe Kåsen	Varamedlem	Førde og omegn

Andre verv/oppgåver som innehas av medlemmer i laget:

Verv i diverse ledd av HEF

Magni Hjertenes Flyum (nestleiar sentralstyret)

Delegatar på Landsmøtet

Kenth-Rune Teigen Måren

Hanne Sæbø

Elisabeth Sundt

Marita Bydal Stranden (vara)

Magni Hjertenes Flyum (sentralstyret)

Utval

Marit Varpe Kåsen (utvalet til Humanistprisen)

Møteaktivitet

Årsmøtet

Årsmøtet blei heldt på Scandic Sunnfjord Hotell i Førde søndag 23.mars kl 10.00-13.00. Nytt styre blei valt og tal delegatar sett for landsmøtet i september.

Styremøte

Vi har hatt seks ordinære og nokre ekstraordinære styremøte gjennom året. To av dei var fysiske møter (eit på Skei i juni og eit i Sogndal i august). Styremøte blir heldt ei veke før landsstyremøte for å snakke om sakane til landsstyret, men og for å ta opp sakar innan regionen, til dømes seremoni eller deltaking i arrangement.

Det vert handsama 72 saker styremøte i 2025. Sakane har handla bl.a. om: lokallagsstruktur, budsjett for 2026, medlemsmøte i områda, Pride-deltaking, oppnemning av seremoniansvarlege, kontaktlister og frivillighetsstruktur.

Andre møte

Vi hadde felles allmøte for alle medlemmar onsdag 1.oktober digitalt på Teams. 10 stk deltok. Tema var lokal aktivitet, ny struktur i regionen mtp lokallag og innspel frå dei frammøtte.

Regionlaget har vore representert på alle fire landsstyremøte i 2025. Elisabeth Sundt deltok i februar og juni, samt digitalt i august, og Audun Torvaldsen i

november. I tillegg møtte Magni Hjertenes Flyum i alle som representant i sentralstyret.

Anna aktivitet

Hovudsakeleg har vi deltatt i tre ulike Pride-arrangement dette året. Eit i Florø, eit i Sogndal og eit i Førde. Lokale medlemmar og nokre i frå regionstyret deltok på alle tre, og vi stilte med banner, t-skjorter og flagg. I Sogndal inviterte vi også til ein Pride-frukost på Sogndal VGS i forkant av Pride-toget, og leiar av Human-etisk forbund, Christian Lomsdalen, stilte opp som ein av hovudtalarane framfor kommunehuset i Sogndal etter toget hadde enda der.

Eit anna stort arrangement i 2025 var Landsmøtet på Lillestrøm, HEFs største og viktigaste samling for å vedta endringar. Her deltok tre representantar frå regionstyret (Kenth-Rune, Hanne og Elisabeth), samt ein vara (Marita) og ein frå Sogn og fjordane i sentralstyret (Magni). Viktigaste sakar her var nye vedtekter og vedteksthandbok, revidert namnefeststrategi, nytt økonomireglement, lokal medlemskommunikasjon mm. Magni blei også valt som ny nestleiar i sentralstyret, frå tidlegare å ha vore vara der.

Aktivitetsbanken har blitt lansert! Her kan du få inspirasjon og konkrete, praktiske tips til gjennomføring av ulike aktivitetar og arrangement. Passord: LysOgLudo

Medlemstal ved årsskiftet

Ved årsskifte 2025/26 hadde HEF Sogn og fjordane 1701 medlemmar (til samanlikning var talet 1388 i 2024).

- Flora/Bremanger: 242
- Førde og omegn: 557
- Indre Sogn: 481
- Nordfjord: 421

Totalt regionlag: 1 701 medlemmar

Namnefest

Tal namnebarn

18 namnebarn i 2025

Tid og stad for seremoniar

Det vart gjennomført 9 namnefestar med totalt 18 barn.

Sogndal – 15. mars 2025

- 4 barn

Florø – 5. april 2025

- 1 barn

Nordfjord – 12. april 2025

- 1 barn

Førde – 14. juni 2025

- 3 barn

Florø – 30. august 2025

- 1 barn

Sogndal – 27. september 2025

- 1 barn

Nordfjord – 4. oktober 2025

- 1 barn (Nordfjordeid kl. 11)
- 2 barn (Sandane kl. 14)

Førde – 8. november 2025

- 4 barn

Ei planlagt namnefest i Førde i februar vert ikkje gjennomført grunna manglande påmelding.

Talet på barn er stabilt samanlikna med 2024 (18 barn begge år), medan talet på seremoniar auka frå 7 til 9.

Konfirmasjon

Tal konfirmanter

125 konfirmanter i Sogn og fjordane i 2025.

Tid og stad for kurs og seremoniar

Det vart gjennomført 8 konfirmasjonsseremoniar med totalt 125 konfirmanter.

Florø – Florø kulturhus – 3. mai 2025

- 13 og 6 konfirmanter (19 totalt)

Nordfjord – Operahuset Nordfjord – 3. mai 2025

- 21 og 15 konfirmanter (36 totalt)

Førde – Førdehuset – 10. mai 2025

- 22 og 24 konfirmanter (46 totalt)

Sogndal – Sogndal kulturhus – 10. mai 2025

- 13 og 11 konfirmanter (24 totalt)

Talet på konfirmanter var 129 i 2024 og 125 i 2025. Nedgangen er liten, og aktiviteten framstår som stabil.

Gravferd og vigsel

For 2025 vart det registrert **2 gravferder** og **36 vigsler** i Sogn og Fjordane.

Tal vigslar gjekk opp frå 23 i 2024 og tal gravferdar gjekk ned frå 5 i 2024.

Seremoniansvarlege

Seremoniarbeidet er organisert med lokale ansvarspersonar og utval.

I 2025 hadde regionen:

- 4 lokale seremoniansvarlege for humanistisk konfirmasjon.
- 4 lokale seremoniansvarlege for humanistisk namnefest.
- 7 aktive kursleiarar (HK).
- 4 aktive seremonileiarar vigsel.
- 2 aktive seremonileiarar gravferd.

Tala byggjer på registrering i systemet per 2025 og viser dei som var registrerte som aktive. Det kan vere mindre avvik dersom roller ikkje er fullt oppdaterte i databasen.

Regionstyret oppnemnde nye seremoniansvarlege for perioden 2026 i oktober 2025, med særleg merksemd på kontinuitet og avtaleansvar der fleire deler rollene.

Anna

Økonomi

Regnskapet for 2025 viser:

- Inntekter: 528 176 kroner
- Kostnader: 861 676 kroner
- Driftsresultat: –333 500 kroner

Årets resultat etter finanspostar er negativt med –333 500 kroner.

Dette er ei svekking samanlikna med 2024, då driftsresultatet var 153 093 kroner. Årsaka til det negative resultatet i 2025 er at regionlaget ikkje mottek tilskot frå nasjonalleddet dette året.

Per 31.12.2025 hadde regionlaget:

- Eigenkapital: 498 944 kroner
- Eigenkapitalprosent: 58 %

Eigenkapitalen består i sin heilskap av innskot på driftskontoen.
Eigenkapitalprosenten er vurdert som høg for eit regionlag av denne typen.
Revisor har gjennomgått rekneskapen og funne
det rettvisande og tilfredsstillande dokumentert.

Sandane, 13.mars 2026

Elisabeth Sundt

Hanne Sæbø

Audun Torvaldsen

Kenth-Rune Teigen Måren

Magni Hjertenes Flyum

Marit Varpe Kåsen